



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/664 - 18/12630

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
11.06.2018

## **Oversending av klage til endeleg avgjerd - GBNR 23/4 - Klage på løyve til opparbeiding av offentleg parkeringsplass og avkøyring, gangveg til friområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg - Frekhaug**

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Larissa Dahl  
Konsulent

Andre mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marianne Aadland Sandvik	Gbnr - 23/4, FA - L42	17/664

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
54/2018	Utval for drift og utvikling	PS	05.06.2018

**GBNR 23/4 - Klage på løyve til opparbeiding av offentlig parkeringsplass og avkøyring, gangveg til friområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg - Frekhaug**

## Vedlegg:

Godkjenning - GBNR 23/4 - Løyve til opparbeiding av offentlig parkeringsplass og avkøyring, gangveg til friområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg - Frekhaug

Kart

Klage på løyve til opparbeiding av parkeringsplass gbnr 23/4

Stadfesting av klagesak - Byggesak - Meland - GBNR 23/4 - Frekhaug - Opparbeiding av parkeringsplass

## Saksopplysningar:

### Tiltak:

Norconsult AS har på vegne av tiltakshavar, Meland kommune, søkt om løyve til etablering av parkeringsplass, avkøyring til kommunal veg, gangveg til friluftsområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg, på gbnr. 23/4, Frekhaug. Søknaden vart journalført motteke 16.3.2017.

Det vart gitt administrativt løyve til dei omsøkte tiltaka i vedtak datert 23.3.2018, saksnr. 76/2018. Vedtaket vart fatta då søknad om klage på løyve til dispensasjon frå arealformålet friområde var endeleg avgjort av Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak i sak 2018/3563, datert 22.3.2018.

Jarle Hvidsten har rettidig klaga på byggjeløyve i e-post den 13.4.2018. Klaga vil bli nærare

gjennomgått nedanfor.

Det vert elles vist til tidlegare sakshistorikk og dokumenta i saka.

#### Nærare om innhaldet i klaga:

Klagar, Jarle Hvidsten, viser til at tiltakshavar har lagt fram ei teikning som ikkje er skalert, samt at det vert vist til feil hjørneavrunding og sikktrekant etter Statens vegvesen si handbok N100. Han viser i den samanheng til håndboka punkt E.1.4.1, som legg til grunn at avkøyringar med ÅTD>50 og primærveg med ÅTD>2000 bør utformast som kryss.

Han viser til at parkeringen har 54 parkeringsplassar, to naust og komunal teknisk installasjon, og at ein må rekne med at plassen vil bli fylt opp og tømt dagleg, samt ved bruk av friområdet. Han har sjølv telt bilar ein ettermiddag, og kom då til 600 bilar pr time, så det er lita tvil om at trafikken er over 2000 i døgnet. Avkøyringa skal då reknast som eit kryss.

Klagar viser til at vegvesenet si handbok legg til grunn at trafikk på samleveggar i bustadområde ikkje bør overstige 1500 bilar i døgnet, og at ein då ikkje bør tillate ein parkeringsplass som bidrar til auka bruk av vegen. Han viser til at det i staden bør leggjast opp til at folk som tar båt til Bergen går til kaien eller nyttar kollektiv transport. Han viser i den samanheng til at det ikkje går buss til kaien, noko det burde.

Vidare viser klagar til at Mjåtveitvegen er smal, utan fortau og utan fotgjengerovergang, og at den dermed er uegna som tilkomst til parkeringsplassen. Han meiner difor at vegen må utbetrast før det er forsvarleg å etablere parkeringsplass her, og at det kan sjå ut til at kommunen ikkje bryr seg om sikkerheita til dei som bur langs vegen.

Vidare viser han til at det står ein mur med ei høgd på om lag 2 meter i sikt sona.

Til slutt viser klagar til at Meland kommune har gitt dispensasjon i strid med plan- og bygningslova § 19-2 i dette tilfellet, då regulert formål vert sett til side og fordelane ved å gi dispensasjon ikkje er klart større enn ulempene. Det er heller ikkje teke omsyn til helse, miljø og sikkerheit i dispensasjonsvurderinga.

Det vert vist til klaga i si heilskap.

#### **Vurdering:**

På bakgrunn av klaga og opplysningane i saka elles, skal kommunen på ny vurdere om vilkåra for å gi løyve som omsøkt er til stades i denne saka.

#### Lov- og plangrunnlag:

Opparbeiding av parkeringsplass, avkøyring til kommunal veg, gangveg til friluftsområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav k) og l) og er søknadspliktige med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2 bokstav a).

Den omsøkte eigeidomen er omfatta av Reguleringsplan for Frekhaug aust, planid: 125619930624. Arealet der ein ønskjer å plassere parkeringsplassen, gangveg til friluftsområde og gangveg til badevik, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg, er i reguleringsplanen sett av til

offentleg trafikkområde (parkering), friområde (park, turveg, leikeområde) og blanda formål (friområde/trafikk).

I plankartet til kommuneplanen sin arealdel er det lagt inn ei byggjegrænse på 70-100 meter mot sjø på eigedomen, jf. pbl §§ 1-8 tredje ledd, jf. 11-6 første ledd. Ettersom tiltaka er omsøkt plassert i strid med byggjegrænsa er tiltaka avhengig av dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl § 19-2 andre ledd. UDU gav dispensasjon som omsøkt i vedtak datert 25.4.2017, saksnr. 43/2017. Vedtaket er rettskraftig avgjort.

På grunn av Fylkesmannen i Hordaland sine vurderingar er det avgjort at etablering av parkeringsplass på den delen av arealet som er satt av til friområde er i strid med gjeldande reguleringsplan, jf. pbl § 12-4 første ledd. Tiltaket er dermed avhengig av dispensasjon frå regulert arealformål, jf. pbl § 19-2 andre ledd. UDU gav dispensasjon i vedtak datert 23.1.2018, saksnr. 9/2018. Vedtaket er rettskraftig avgjort ved Fylkesmannen sitt vedtak datert 22.3.2018, saksnr. 2018/3563.

#### Konkret vurdering av klaga:

Rådmannen finn ikkje grunnlag for å vurdere den delen av klaga som omfattar gitt løyve til dispensasjon, då dette spørsmålet er endeleg avgjort av Fylkesmannen i Hordaland, i vedtak datert 22.3.2018, saksnr. 2018/3563. Vi finn i den samanheng grunnlag for å kommentere at ettersom det er gitt nødvendige dispensasjonar i saka har tiltakshavar eit rettskrav på å få løyve til opparbeiding av dei omsøkte tiltaka. Plassering av tiltaka må likevel vurderast med grunnlag i klaga.

Når det gjeld fortau er dette regulert langs heile Mjåtveitsvegen, og store delar av fortauet er allereie etablert. Meland kommune prosjekterer dette året eit fortau på om lag 165 meter frå klagar sin eigedom mot sør/vest langs Mjåtveitsvegen, og opparbeidinga av dette er tenkt gjennomført i 2019. Rådmannen føreset at ein ved prosjektering og gjennomføring vurderer sikkerheita blant anna for gåande/syklende som må krysse Mjåtveitsvegen for å komme til Frekhaugkaien. Resterande del av regulert fortau vil bli opparbeida i samband med utbygging etter *Detaljreguleringsplan for Danielsen skule*, planid: 125620110005.

Ved etablering av fortau vert det betre tilrettelagt for at ein kan gå til kaien. I tillegg er det planlagt oppstart av bussruter til og frå Frekhaugkaien frå august i år, og i den samanheng vil busstopp og ny merking av parkeringsplassar på kaien bli opparbeida i løpet av sommaren. Begge tiltaka legg til rette for redusert biltrafikk til kaien.

Statens vegvesen har registrert ei trafikkmengd på Havnevegen til ÅDT (årsdøgntrafikk) 1100 i 2005. Rådmannen kan ikkje sjå at oppstart av hurtigbåt til Bergen tilseier ei vesentleg høgare trafikkmengd no. Parkeringsplassen på Frekhaugkaien har i dag om lag 40 plassar. Dette vil bli redusert til vel 30 plassar når det skal leggjast til rette for bussamband til kaien. I tillegg er det 54 parkeringsplassar ved den nye parkeringsplassen. Dette er under 200 bilar om dagen, altså ein ÅDT på 1300, når begge parkeringsplassane er fylt opp og under føresetnad av at alle bilane køyrer Havnevegen. I tillegg kjem trafikk til og frå Danielsen skule, som i 2017 hadde 150 elevar og om lag 22 ansatte. Delar av trafikken til Danielsen skule nyttar nok Havnevegen som tilkomst, men rådmannen kan heller ikkje sjå at denne trafikken tilseier ei vesentleg høgare trafikkmengd enn i 2005.

På bakgrunn av det ovannemnde, og fordi ein del av dei som skal parkere på Frekhaugkaien, den nye parkeringsplassen eller skal til Danielsen skule køyrer Mjåtveitvegen mot nord, kan rådmannen ikkje sjå at det er sannsynleg at Havnevegen, frå rådhuset til Frekhaugkaien, har ein ÅDT på over 1500 i 2018. Då er det også lite sannsynleg at Mjåtveitvegen (kommunal veg) langs den aktuelle strekningen

har høgare ÅDT enn Havnevegen (fylkesveg).

Vidare viser rådmannen til at vi er godt kjent i området, og har prøvd avkøyringa fleire ganger. Vi kan ikkje sjå at muren som klagar viser til står i siktsona for avkøyringa. I tillegg er fartsgrensa på vegen 40 km/t og det er fartshumper på begge sider av avkøyringa. Fartshumpene er vurdert som eit godt tiltak for å redusere hastigheita forbi parkeringsplassen.

Rådmannen viser til grunngjevnad i vedtak datert 23.3.2018, saksnr. 76/2018. Noko ytterlegare grunngjeving frå rådmannen si side, kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for. Utval for drift og utvikling må vurdere om det i klageomgangen er kome fram nye opplysningar som tilseier at vedtaket skal gjerast om.

#### Framlegg til vedtak og opplysningar om vidare handsaming:

Dersom Utval for drift og utvikling (UDU) følgjer rådmannen sitt framlegg til vedtak nedanfor og ikkje tek klaga til følgje, vert saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Viss UDU tek klaga til følgje, skal tiltakshavar varslast og vil ha høve til å klage på vedtaket. Klaga skal stilast til Meland kommune. Viss UDU ikkje tek denne klaga til følgje, vert saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage frå Jarle Hvidsten, journalført 13.4.2018, ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 23.3.2018, saksnr. 76/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

#### **Utval for drift og utvikling - 54/2018**

##### **UDU - behandling:**

##### **UDU - vedtak:**

Utval for drift og utvikling finn at klage frå Jarle Hvidsten, journalført 13.4.2018, ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 23.3.2018, saksnr. 76/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

